

MJELDALEN UNGDOMSLAG
Hausvegen 44
5286 HAUS

Dato	03.10.2023
Vår referanse	2023/32062-107
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Åge Avedal
E-post	Age.Avedal@vlfk.no
Telefon	97072734

Avslag på søknad om tilskot til kulturbygg 2023 - Haus Mjeldalen Ungdomshus, med anleggsnummer 50 795 i Osterøy kommune

Hovudutvalet for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune fordelte spelemidlar til kulturbygg i møte 20. september 2023. Søknaden dykkar om tilskot vart avslått.

Det er ved årets søknadsrunde godkjent søknader om tilskot til kulturbygg for omlag 36,8 millionar kr. Det var omlag 9,5 millionar kr til fordeling. 16 av 53 godkjente søknader fekk innvilga tilskot i 2023. Det er stor differanse mellom godkjent tilskotsbeløp og midlar til fordeling, og søknaden dykkar fekk avslag grunna prioriteringar med utgangspunkt i vurderingskriteria i [retningslinjene for tilskotsordninga](#).

Oversikt over alle søknadene med individuell grunngjeving for vedtaket finn de i politisk sak 86/2023 via [den politiske møteportalen på nettsidene til Vestland fylkeskommune](#).

Søknaden tilfredsstillers dei formelle vilkåra for tilskot, og kan fornyast i 2024 via [www.anleggsregisteret.no](#). Søknaden kan fornyast når det vert opna for innsending av søknader i neste søknadsperiode. Ta vare på søknadsnummeret frå årets søknad.

Klagerett:

Søklar har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd. Klagefristen er 3 veker etter dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage sender de på e-post til post@vlfk.no. Skriv kva ordning og søknadsfrist klagen er knytt til. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, blir saka sendt Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Tone Stedal Haugland
Konst. seksjonssjef
KFO - KulturutviklingÅge Avedal
seniorrådgjevar
KFO - Kulturutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til: Osterøy kommune

Hatland

5282

LONEVÅG